

Hordaland Fylkeskommune
Kultur og idrettsavdelinga
Postboks 79
5020 BERGEN

Norheimsund 16. mars- 2016

Søknad

Me søker med dette om stønad til eit samarbeidsprosjekt mellom Hardanger og Voss museum og Hardanger folkehøgskule. Målet med prosjektet er å byggja ein ny kyrkjebåt som Folkehøgskulen på Lofthus skal eiga, og nytta i si undervisning. Me trur at det å kombinera museet sin kompetanse knytt til bygging og bruk av kyrkjebåtar med skulen si målsetting om å undervisa i eit berekraftig friluftsliv, vil kunne berika Hardangerfjorden med nytt liv i kyrkjebåttradisjonen.

Kyrkjebåttradisjonane i Hardanger

Før i tida var kyrkjebåtane å sjå på fjorden kvar einaste sundag. Å gå i båt for å koma seg til kyrkja var for dei aller fleste det mest rasjonelle og heilt sjølvsgagt. Kyrkjebåtane var store robåtar med plass til mykje folk (mange av dei hadde også rigg og kunne seglast). Mange av kyrkjebåtane var tiæringar, men det var også ein del åtteæringar og seksæringar som vart bygd til kyrkjeferd.

I løpet av dei fyrste 10-åra på 1900-talet gjekk dei tradisjonelle kyrkjebåtane mest heilt ut av bruk. Motoriserte fartøy og anna transport tok over. Dermed vart det også slutt på bygginga av desse stasbåtane, men i nausta låg det mange fine kyrkjebåtar. I løpet av det siste hundreåret har mange av dei forsvunne ut av naust og ut av saga. Me har ikkje full oversikt over kor mange kyrkjebåtar som framleis finst i naust og lører i regionen vår, men me har grunn til å tru at det er ein stad mellom 30 og 40 båtar. Ut over dette finst det 10 kyrkjebåtar som er tatt vare på av museum.

Me har dei siste åra jobba med dokumentasjon av slike båtar. Me meiner det er viktig å skaffa oss oversikt over dei kyrkjebåtane som framleis er å finna i vår region. Desse båtane må dokumenterast grundig. Dei bør målast opp og aller helst burde det bli laga båt-teikningar av dei. Me samlar også på historier knytt til kyrkjebåtar og bruken av dei. Denne immaterielle kulturarven har i liten grad vorte dokumentert, så det er på høg tid å samla inn dette materialet systematisk. Dette er kunnskap me kan dra nytte av i samheng med bruk og formidling av ein ny kyrkjebåt.

Tradisjonskunnskap og berekraftig friluftsliv

Hardanger Folkehøgskule er ein frilynt folkehøgskule som mellom anna tilbyr undervisning på ei friluftslivslinje. Det er i tilknytning til denne lina at me ynskjer å utvikla eit tilbod med bruk av kyrkjebåtar. Ein

tiæring er såpass stor at heile friluftslina får plass om bord. Båten kan slik nyttast til turar i nærområdet, men ungdomane kan også gjennom eiga muskelkraft koma seg langt av stad. Skulen, som dei siste åra i stor grad har orientert seg mot fjellfriluftsliv, ser fram til å utvikla dette miljøvenlege undervisningstilbodet som vil bringa ungdomen nærmare både fjorden og regionen si kulturhistorie.

I eit naust på Lusand ligg det ein fin gamal tiæring, som me trur er om lag 200 år gamal. Denne båten kunne me godt tenkje oss å laga ein kopi av. Båten er stor og vil passa godt til den bruken folkehøgskulen ser for seg. For småbåtverkstaden ved Hardanger fartøyvernssenter vil bygging av denne kyrkjebåten vera eit utfordrande og kompetansegevande prosjekt. Det vil gje kompetanse i kunsten å byggja dei riktig store hardangerbåtane, og sjølv sagt gjev det ekstra motivasjon å byggja ein båt som vil verta nytta til formidling av kyrkjebåttradisjonar til ungdom.

Eit samarbeid for framtida

Museum og folkehøgskular er frie institusjonar som i stor grad har overlappende interessefelt. Både folkehøgskular og museum har eit samfunnsoppdrag som handlar om å driva kunnskapsformidling som bidreg til å skapa toleranse og kritisk refleksjon, for slik å vera med å byggja eit samfunn basert på demokratiske prinsipp. Me trur at dette er institusjonar som har mykje å henta på å samarbeida meir, og ser på dette kyrkjebåtprosjektet som eit fyrste steg i så måte.

Me håpar at Hordaland fylkeskommune vil gje stønad til prosjektet, slik at me i løpet av året kjem i gang med bygginga, og at folkehøgskulen allereie neste år er ute å ror sin nye tiæring på Hardangerfjorden.

Me søker med dette om 200 000,- i stønad til dette spanande samarbeidsprosjektet.

Venleg helsing

Heidi Richardson
Leiar for museumsavdelinga ved Hardanger fartøyvernssenter